

Aktivitetsplan 2009 / 2010

| Dato | Arrangement | Komite |
|--------------------------------|------------------|----------------------|
| 4.- 6. sep. | Stormfestival-09 | Styre |
| 15.-17. okt | Øvingshelg | Styret / musikkutval |
| 17. okt | Basar | Styret |
| 27. des | Juletefest | Styret |
| 3. jan (-10) | Nyttårskonsernt | Johanne og Alice |
| 15. -17. jan. øvingshelg. 2010 | | |
| 29. -31. jan. øvingshelg. 2010 | | |
| 5. ,6. og 7. feb. 2010 | NM Bergen | |
| Våren/ sommaren 2010 | langtur | |

Har du lyst til å vere med å hjelpe til?

Har du lyst til å vere med som medhjelpar under stormfestivalen 4. 5. og 6. september?

Respsen på stormfestivalen har vore god. Det blir mellom 350 og 400 deltakarar. Planlegginga har pågått i over eit år, og dei fleste detaljar er i ferd med å falle på plass.

Dette blir ei flott helg.

Har du lyst å vere med å gjere ein innsats, eller veit du om andre som kan stille opp som frivillig?

Kontakt Sølvi Loen:

95783830 eller s-ann-l@online.no.



| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 6 | | | 8 | | 3 | 1 | |
| 8 | | 3 | 1 | | | | | 5 |
| | | 5 | | | 3 | | | |
| | | | | | 5 | 4 | | |
| 9 | 3 | | 7 | 1 | 4 | | 2 | 6 |
| | | 4 | 9 | | | | | |
| | | | 4 | | | 1 | | |
| 5 | | | | | 9 | 3 | | 7 |
| 7 | 4 | | 5 | | | | 9 | |

S
u
d
o
k
u

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 6 | | | | 1 | | 3 | |
| | | 7 | | 3 | | | | 2 |
| 4 | 3 | | | | 6 | 8 | 7 | |
| 3 | | 2 | | | | 1 | | 8 |
| | 4 | | | | | | | |
| 9 | | | | | | | | |
| 5 | | | | 6 | | | | 1 |
| | 8 | | | | 4 | | | 6 |
| | | 4 | 8 | | | 2 | | |

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Pr. 7 16. årgang

Laussal: Gratis

August 2009

Klart for ny stormfestival



Då er det snart klart for den 7. stormfestivalen.

Det skjer 4. 5. og 6. september 2009. 15 korps er påmelde, og det kan bli mellom 350 og 400 deltakarar.

Planlegginga er i full sving, og korpsa som vi er i kontakt med gler seg til å komme på denne spesielle festivalen. Det blir liv og røre i Måløy når korpsa skal kle seg ut og lage fest i sentrum laurdag mellom 11.00 og 13.30.

Vi treng hjelparar, og har du lyst til å vere med, ser du i bladet her korleis du går fram.

www.torskangerpoll.no

Program - Stormfestival 2009

Fredag 4. september

15.00: Festivalskontoret i Samfunnshallen opnar. Ankomst, mottaking og innsjekking.

19.30: Stormmiddag i Samfunnshallen.

21.30: Blikjentkveld i Samfunnshallen.

Korpspresentasjon, karaoke, underhaldning og mykje moro.

Svingom

22.30: Treff for korpsleiarar og korpsvertar.

Klokka 01.00: God natt.....

Lørdag 5. september

08.00: Frukost i Samfunnshallen (til kl.10.00).

12.00: Opning og felles stormkonsert i Måløy.

"Festivalen".

Helsingar.

"Solskinnsdag".

12.30: Kostymeopptog gjennom handlegata i Måløy.

Konsertar i Måløy

14.00: Rorbust i Torskangerpoll.

Stormsuppe, tørrsild, musikk, fisketur, konkurranse...



15.00: Stormovertyre - av Idar Torskangerpoll.

15.30: Stormstafett i Torskangerpoll.

17.00: Slutt

19.30: Dørene opnar i Samfunnshallen

20.00: Stormgalla i Samfunnshallen.

Havets festbord - underhaldning - karaoke.

Dans.

Klokka 02.00: God natt.....

Søndag 6. september

09.30: Frolunch i Samfunnshallen

10.30: Frolunch-konsert i Samfunnshallen

11.30: Avslutning i Nordfjordhallen.

Gratis for publikum.

Fellesnummer.

Seremoni og helsing.

Utmarsj eit og eit korps.

Her er korpsa som er påmelde:

Stormfestivalen nærmar seg. Her er korpsa som er påmelde. Det blir rundt 400 deltakarar, så dette kan bli ei storarta helg

Otta Musikkforening

Alversund Musikklag

Vestre Gausdal Musikkforening

Averøy Ungdomskorps

Valestrand Musikklag

Eid Musikklag

Nørvøy Ungdomskorps

Raufoss Musikkorps

Bispehaugen Ungdomskorps

Fræna Musikkorps

Frei Hornmusikk

Måløy Musikklag

Ørsta Hornmusikk

Førde Ungdomskorps

Musikklaget Melshorn

Vegen blir stengd

Laurdag 5. september skal alle festivaldeltakarane på rorbust i Torskangerpoll. Det skjer fra klokka 14.00 og 17.00.

Det blir ein god del aktivitetar for festivaldeltakarane i området rundt Vikabu.

Det betyr ein del trafikale utfordringar med mange bussar og bilar som skal frakte folk og varer til og frå Torskangerpoll.

Som ved tidlegare festivalar har vi fått lov å stengje vegen når dette skal skje, frå klokka 13.00 og til etter klokka 17.00 laurdag 5. september.

Berre nødvendig trafikk får passere området i denne perioden. Håpar folk respekterer, og inn-



rettar seg slik at det ikkje skapar for store problem.

Fisketurar

Når festivaldeltakarane kjem til Torskangerpoll så skal dei få sjanse til ein fisketur. Vil du stille med båt i Torskangerpoll er det berre å møte opp. Vi takkar for all god hjelp.

Avslutning i Nordfjordhallen

Søndag 6. september kan alle som vil sjå avslutninga av festivalen få gratis tilgang til tribuna i Nordfjordhallen på Tennebø (fotballhallen).

Her skal avslutninga føregå. Det skal spelast fellesnummer, det blir premieutdeling og fleire korps vil spele.

Fest i Måløy

Laurdag 5. september klokka 11.30 blir det opning av festivalen på Torget i Måløy. Etterpå blir det kostymeopptog og konsertar i gata. Dei tilreisande korpsa vil lage liv og røre i sentrum. Det er berre å møte opp til eit triveleg sentrum i Måløy